


Snake

Du treng

- Ein slange-mal
- Ein 30 cm lang grillpinne
- Fire telys
- Ein klump plastilina
- Ein liten paljett
- Lim
- Eld
- Ei bøtte med vatn

Framgangsmåte

Fargelegg slangen i fine fargar og klipp han ut. Start ved hovudet og klipp så langs den stipla linja. I enden og på baksida av halen limer du fast den vesle paljetten. Han skal brukast når halen skal balansere på spissen av grillpinnen. Set ein klump med plastilina på bordet og stikk grillpinnen i. Spissen på pinnen skal opp. Plasser dei fire lysa i ring rundt plastilinaklumpen. Balanser halen til slangen på toppen av pinnen. Den vesle paljetten lagar ein liten base med hol til spissen av pinnen. Sørg for at slangen snurrar fint, ved å blåse varsamt på han.



Hypotese

Kva trur du skjer i forsøket når dei fire telysa blir tende?

Kva skjedde

Tenn lysa og observer kva som skjer. Skriv ein rapport om kvifor du trur dette skjedde.

